

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
030/21	Formannskapet	PS	18.03.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Plannavn-Klima- og energiplan, Komnr-4632, FE-144	21/240

Temaplan for klima- og energi for Austrheim kommune - Oppstart av planarbeid

Framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek oppstart av **Temaplan for klima og energi for Austrheim kommune**. Grunngjevinga for vedtaket er at dette planarbeidet er med i Planstrategi for Austrheim kommune 2020-2024. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Formannskapet - 030/21 - 18.03.2021

FS - behandling:

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) var ikkje tilstades ved handsaminga av denne saka.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka. Det er søkt om midlar til dette arbeidet, får ein midlar så er planen å leiga inn konsulent til å gjennomføra arbeidet.

Handsaming i formannskapet.

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS vedtak:

Formannskapet vedtek oppstart av **Temaplan for klima og energi for Austrheim kommune**. Grunngjevinga for vedtaket er at dette planarbeidet er med i Planstrategi for Austrheim kommune 2020-2024. Grunngjevinga er elles gjeve i saksutgreiinga.

Saksopplysninger:

Planstrategi for Austrheim kommune 2020-2024 vart godkjent av kommunestyret den 12.11.2020. Her vart det med at det skulle utarbeidast ein **Temaplan for Klima og energi for Austrheim kommune**. Gjeldane Klima- og energiplan vart godkjent i 2011. Klima- og energiplanen skal vera eit verkty for at Austrheim kommune skal nå internasjonale, nasjonale, regionale og lokale klimamål.

Planen omfattar både direkte og indirekte klimagassutslepp, og set mål for kommunen som organisasjon og samfunn, den skal vise retningen for klimaarbeidet vårt. Det vert og lettare å få tilgong til offentlege tilskot til klima- og energiomlegging om kommunen vår har ein oppdatert plan. Til dømes kan ein då truleg få økonomisk bistand til å få på plass ein miljøvenleg oppvarming av kommunehuset.

Parisavtalen vart vedtatt 12. desember 2015, det er den første rettsleg bindande klimaavtalen med reell global deltaking. Norge skal mellom anna vera karbonnøytralt i 2050. I 2017 vart lova om klimamål (klimalova) vedtatt på Stortinget, den tredde i kraft den 1. januar 2018. Den 08.01.2021 la Regjeringa fram Meld. St. 13 (2020–2021) om Klimaplan for 2021-2030. Den oppdaterer Norges mål om utsleppsreduksjon. Regjeringen sine ambisjonar om til dømes utsleppsfrie lette kjøretøy kjem klårt fram her. FN sine 17 berekraftmål, som Norge har sluttat seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tid sine største utfordringar.

Det å få redusert kommunen sine indirekte og direkte utslepp av klimagassar og sikra meir effektiv energibruk og få til miljøvennleg energiomlegging vert såleis sentralt i planarbeidet. Planen skal visa kva mål og ambisjonar kommunen har for temaet, kva tiltak som skal gjennomførast, fristar og kven som har ansvaret for oppfølging av desse tiltaka. Til dømes kan me utgreia om det er fornuftig økonomisk og berekraftig å innstalera solceller på kommunale bygg og tak.

Planarbeidet tek utgangspunkt i den statlege planretningslinja for klima- og energiplanlegging i kommunene. Kommunane i Norge har viktig rolle og verkemidlar i sektorar som står for omtrent halvparten av norske klimagassutslipp. Desse er:

Transport. Energiforsyning. Oppvarming av bygg. Vatn og avløp. Avfall. Forbruk. Landbruk.

Temaplanen for klima og energi skal ha:

-Ambisiøse mål for utsleppsreduksjon.

-Ambisiøse mål for meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging.

-Ambisiøse mål for klimatilpassing.

Temaplanen skal visa status for klimagassutslepp i kommunen og den skal setja delmål for klima, både for direkte utslepp (innanfor kommunen si geografiske grenser) og for indirekte utslepp. Det vert delmål for heile kommunen og for kommunen som verksem. Planen skal visa kva rolle og verkemidlar kommunen har i klimaarbeidet.

Temaplan for klima og energi vil leggja grunnlaget for målretta gjennomføring og val av tiltak, investeringar og prosjekt i kommunen. Gjennom planen vert det lagt føringar for ynskt utvikling innan innkjøp, bygging og drift av kommunale bygg og anlegg, og for kva tiltak som kan og bør gjennomførast.

Klimatilpassing vert og eit tema i dette arbeidet. Varsla klimaendringar skjerpar krava til fornuftig arealbruk og langsiktig planlegging. Høgare temperatur og ikkje minst hyppigare tilfelle av kraftig nedbør og meir vind vil gje auka førekost av flaum, vindskadar og erosjon. Klimaframkrivingar vert sentralt i planarbeidet, det gjeld både havnivåstigning og fare for stormflo. Tørkeperiodar kan og gje meir fare for storbrannar og dårlegare vilkår for landbruket, men lengre vekstsesong og varmare klima kan og gi fordelar. Det er og viktig å ivareta ein god beredskap. Pandemiar kan og auka med

klimaendringar og arealtap for det ville fugle- og dyrelivet vårt.

Klimaendringar og tap av biologisk mangfold er definert som dei største globale miljøproblema. Mange arter vil dø ut som følgje av klimaendringene. Det å avgrensa klimaendringene gjennom utsleppsreduksjon av klimagassar er såleis eit viktig tiltak for å ta vare på det biologiske mangfaldet.

Medverknad og involvering vert ein viktig del av dette planarbeidet. Det skal lagast eit opplegg for dette, der både born og unge vert teke med i planprosessen. Det er mange kommunar i Norge som lagar nye klima- og energiplanar for tida, det gjeld og mange statlege og private verksemder.

Vurdering:

Rådmannen vil peika på at då kommunestyret den 12.11.2020 vedtok Planstrategi for Austrheim kommune for 2020-2024, då var det med at det skulle utarbeidast ein ny **Klima og energiplan** (med oppstart i 2021). Rådmannen synes det er viktig at Austrheim kommune skal ha miljømessig berekraft. Det er eit samfunn som tek overordna miljøomsyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og ureining, og bidreg til å redusera og førebygga klimaendringar. Det å stoppe klimaendringene er også et av FNs 17 berekraftsmål. For å nå 1,5- gradersmålet må utsleppa reduserast med omtrent 50 % innan 2030 og videre mot 100 % i 2050.

Rådmannen synes at medverknad og eit samarbeid med innbyggjarane, verksemder, lag og foreningar og andre offentlege instansar er ein viktig del av denne planprosessen. Dette planarbeidet må forankrast både politisk og administrativt. Det er og viktig å involvere born og unge på ein god måte i dette arbeidet. Formannskapet vert styringsgruppe for dette planarbeidet. Arbeidet med miljøsertifisering av kommunen skal starta opp i 2021 også, det er mange fordelar at dette arbeidet pågår samstundes. Det kan verta naudsynt å hyra noko konsulentbistand til dette planarbeidet, det vil rådmannen koma tilbake til ved eit seinare høve. Det vert sendt søknad om tilskot til dette arbeidet, om det vert løyvd midlar til dette er usikkert enno. Avdeling for plan, bygg, oppmåling og miljø har ansvaret for at dette planarbeidet vert gjort.

Rådmannen vil peika på at Austrheim kommune, som alle andre kommunar må ta sin del av klimaansvaret, og me må planleggja for å verta eit tilnærma utsleppsfritt samfunn på sikt.

Rådmannen meiner at alle må bidra aktivt i den største dugnaden verda vår no treng, det hastar.

Rådmannen rår til at arbeidet med **Temaplan for klima og energi for Austrheim kommune** no vert starta opp. Frist for innspel til dette planarbeidet vert sett til 1. mai 2021.

Konklusjon:

Formannskapet vedtek oppstart av **Temaplan for klima og energi for Austrheim kommune**.